

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.02.2018

Svein Halleraker (H) sette på vegner av H, Frp, MDG, V, KrF, Sp og A fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Takstsonestruktur skal evaluerast innan rimeleg tid.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Endeleg grense for sone Bergen/sone 1 inkluderer kommunane Askøy, Fjell, Sund, Øygarden, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim og Os.
2. Detaljerte sonegrenser vert sett i høve kartet som er presentert i denne saka.
3. Fylkesrådmannen vert gitt fullmakt til å innføre ny takstsonestruktur i Hordaland frå 1. august innanfor dei rammene og med den prisstrukturen som vert presentert i denne saka.
4. Takstsonestruktur skal evaluerast innan rimeleg tid.